

**Kartverket**MELAND KOMMUNE
POSTBOKS 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.: gleeli
Sak/dok.: 9382113/Dato:
16.09.2015**Dokumentet har framleis manglar og kan ikkje tinglysast****Saka gjeld gnr. 27 bnr. 86 i 1256 Meland kommune**

Vi har prøvd å nå dykk på telefon, men har ikkje fått svar. Melding til tinglysing med arealoverføring de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Vi synar til vårt returbrev av 27.05.2015. De har delvis retta manglane vi påpeikte.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

For at vi skal kunne fastsetje dokumentavgifta, må de opplyse om marknadsverdien til eigedomen. Dette følgjer av dokumentavgiftslova § 7.

Vi kan ikkje sjå at arealoverføringa er fritatt for dokumentavgift. Dersom de meiner at overføringa er fritatt ber vi dykk opplyse om lovheimel som bekreftar dette.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysningslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no, på www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 75.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Karine Holemark
saksbehandlar

Elin Glemmestad
Elin Glemmestad
saksbehandlar